



Jarl Totland  
Dalstøvegen 12  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/907 - 19/20637

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:  
14.10.2019

## Pålegg - krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg - GBNR. 19/21

### Administrativt vedtak. Saks nr. 235/2019.

Meland kommune viser til førehandsvarsel med krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg, datert 20.04.2017, med frist for tilbakemelding innan 12.05.2017. Kommunen har ikkje motteke tilbakemelding frå deg, og handsamer saka på bakgrunn av dette.

### Vurdering:

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 27-1 tredje ledd, jf. andre ledd, at kommunen kan krevja at bygning som ligg på ein eigedom skal knytast til ei offentlig vassleidning «*når offentlig vannledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal*».

Kommunestyret sitt prinsippvedtak datert 23.1.2008 inneber at alle eigedomar som ligg innanfor ein avstand på 200m frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilkopling.

På bakgrunn av det ovannemnde, og fordi eigedomen din ligg nærare den kommunale hovudleidninga enn 200m, vil du bli pålagt tilkopling til det kommunale anlegget.

Ein ansvarleg røyrleggjar må søkje til kommunen om tilkoplinga, og frist for tilkopling er **01.04.2020**.

### VEDTAK:

**«Meland kommune gjev gbnr.19/21 pålegg om tilkopling til det kommunale vassanlegget, jf. plan- og bygningslova § 27-1. Tilkopling må skje innan 01.04.2020. For grunngjeving og vurdering sjå ovanfor.»**

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl § 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dersom du har spørsmål i saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5617 1000 eller på epost.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Astrid Riise  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Jarl Totland

Dalstøvegen 12 5918

FREKHAUG